

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/1191-3

**Skriv og meldingar 24. mai 2017**

::: [Sett inn innstillingen under denne linja](#) ↓

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande

::: [Sett inn innstillingen over denne linja](#) ↑

... [Sett inn saksutredningen under denne linja](#) ↓

**Meldesak 1) Årsmeldinga 2017**

Arbeidsområdet til hovudsamarbeidsutvalet og Frm-personal sitt rapporteringsområde er inkludert i årsrapporten frå fylkeskommunen. I vedlegget finn du «våre områder».

**Meldesak 2) Virke vil ha kutt i sjukeløna**

Ny framlegg til kutt i sjukeløn kan redusere fråværet med 20 prosent og spare 8 milliardar, hevdar arbeidsgjevarorganisasjonen Virke. Ekspertisen står klar med forbetningsforslag som både kan spare milliardar og redusere sjukefråværet med opptil 20 prosent. Men i LO vil dei ikkje gi seg utan tøff kamp.

**Meldesak 3) Informasjon til kontrollutvalet om utvikling av sjukefråvær og system/ rutinar for oppfølging**

22.11.2016 vedtok kontrollutvalet m.a. å be fylkesrådmann orientere om utvikling av sjukefråvær og fylkeskommunen sitt system/ rutinar for oppfølging. Den 7. februar 2017 fekk utvalet orientering i sitt møte. Vedlegg: Kontrollutvalet 7. februar 2017

**Meldesak 4) Felles nettside om IA og arbeidsmiljø**

Partane i kommunal sektor ønskjer saman å bistå arbeidsplassane i det førebyggjande arbeidet med arbeidsmiljø. No vert [ei ny nettside](#) tilgjengeleg der felles vegleiingar og tips er samla. På nettsida vert det retta merksemd til spesielt det førebyggjande arbeidet med det psykososiale miljøet på arbeidsplassen.

KS skriv:

*"Vi ønsker å hjelpe medlemmene med godt arbeidsmiljøarbeid og vil gi den enkelte arbeidsplass kunnskap, tips og ideer i en travel kommunal hverdag"* seier Anne-Cathrine Hjertaas, avdelingsdirektør i KS.

På nettsida har partane lagt ut artiklar som tek føre seg psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø. I artiklane ligg det lenker til tips, gode verktøy med meir om tema regelverk, partssamarbeid, rolleforståing, leiing og nærvær, helse, miljø og tryggleik (HMT). Det ligg også informasjon på nettsida om etisk refleksjon og jobbnærvær, korleis vere i jobb med psykiske helseproblem, stress, mobbing og trakassering, bruk av sosiale mediar og risikovurdering.

**Meldesak 5) Framlegg til endring i reglane om varsling!**

Arbeidsmiljøloven har i dag tre avgjerder om varsling; ei avgjerd som slår fast arbeidstakar sin rett til å varsle, ei avgjerd som set opp forbod mot å møta varslaren med gjengjelding og ei avgjerd som fastset at verkesendene som hovudregel skal utarbeide interne rutinar for varsling.

Eit hovudformål med reglane om varsling er å beskytta arbeidstakarane som seier i frå om kritikkverdige forhold i verksemda, og samtidig gjer det tydeleg at varsling både er lovleg og ønskjeleg.

Regjeringa foreslår no ei lovending som skal bidra til å styrkje vernet av varslarar i norsk arbeidsliv. Forslaget går ut på:

- å utvide lova sitt virkeområde slik at innleigde arbeidstakarar skal ha rett til å varsle om kritikkverdige forhold hjå innleigar og ha vern mot represalier både ovafor innleigar og eigen arbeidsgjevar
- at alle verksemdar med minst ti tilsette skal utarbeide rutinar for korleis varsling og varslarar skal takast i vare
- at varslingsrutinane sitt innhald skal tilfredsstilla visse minimumskrav
- at tilsynsmyndigheiter og andre offentlege myndigheiter skal ha teieplikt om arbeidstakar sin identitet når dei mottok varsel om kritikkverdige forhold

Regjeringa gjer også framlegg om å samle reglane om varsling i eit eige kapittel i arbeidsmiljølova.

Les meir om endringane i [Prop. 72 L \(2016–2017\)](#)

[Våre interne varslingsreglar finn du her på Portalen.](#)

### **Meldesak 6) Kredittkort for kjøp av jobbreiser**

Vår bedriftsavtale med Diners AS vart ikkje fornya av selskapet etter 27. april 2017. Vi har då framforhandla ein ny avtale med American Express.

### **Meldesak 7) Personvernombod**

EUs forordning for personvern blir norsk lov i 2018, og alle verksemdar skal ha personvernombod. Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer å opprette et felles ombod med kommunane, men dette er på sonderingsstadiet og ingen ting er avgjort. Sør-Trøndelag har hatt personvernombod, men så skal Trøndelag fylkeskommune frå 1.1.2018. Saman med ny lov og ny organisasjon har dei ikkje bestemt kvar ombodet skal innplasserast eller kor stor ressurs dette ombodet skal ha. Vi undersøker med andre og har eit spesielt auge til det som Hordaland fylkeskommune har på plass.

Vedlegg: Hordaland fylkeskommune sin tilpassing.

### **Meldesak 8) Regionreforma**

Det var allmøte for sentraladministrasjonen den 16. mai. Tema var regionreforma, og fylkesrådmann Tore Eriksen orienterte om både status og vegen vidare.

Vedlegg: Presentasjon

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)